

Førde 190906 J.nr: 55/19 mgs

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Førde kommune

NYNORSKHUSET i Førde – SoFt si vidare deltaking

Prosjektet «Nynorskhuset» går no inn i ein fase med prekvalifisering, konkurranse og kontraktsignering. For å gå vidare i samarbeidet med Firda og NRK treng vi difor forpliktande vedtak frå eigarane om:

- 1. Eige eller leige av nye lokale i Nynorskhuset frå 2022**
- 2. Auka tilskotts nivå frå 2022 som følgje av nye lokale i Nynorskhuset**

Gjennom tilnærma likelydande vedtak i fylkesting og bystyre/fellesnemnd har det vore mogeleg for teateret å signere ein intensjonsavtale mellom partane (jf. vedlegg) og delta aktivt i utvikling av ei forstudie med funksjons- og romprogram j.fr. vedlegg.

Avtalen har slik formulering om mål og felles interesser

- *Partane vil bidra til å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Nynorskhuset skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur*
- *Ved å samlokalisere ei rekke kultur og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitringa av språket*
- *Nynorskhuset skal romme eit mangfald av mediebedrifter og kulturinstitusjonar med det nynorske språket som felles overbygg*
- *Det vil bli arbeidd med å få fleire aktørar inn i bygget. Det skal vektleggast å få med utviklingsorienterte bedrifter*
- *Pilarane i huset skal vere mediehuset Firda, Nynorsk avissenter, NRK, NRK Nynorsk mediesenter og Sogn og Fjordane teater*

Vi er særst takksam for den politiske og økonomiske støtta vi så langt har motteke frå eigarane til utvikling av prosjektet.

No står prosjektet ved eit vegskilje.

Planen er å velje utbyggjar no i haust/tidleg våren 2020 og flytte inn i «Nynorskhuset» i 2022. Teateret kan ikkje gå vidare i dette samarbeidsprosjektet utan forpliktande tilslutning frå dei to eigarane.

Vi har i budsjettsøknaden for 2020 bedt Kulturdepartementet om 1 mill. kr i auka driftstilskot til arbeidet med å flytte inn i Nynorskhuset, og 3 mill. kr til utvida turnéverksemd i Vestland fylke. Vi ser føre oss ei gradvis opptrapping fram mot ferdigstilling av huset i 2022, slik at vi i perioden frå 2020 til 2022 får gradvis auke til totalt 3,68 mill. kr i tilskot til Nynorskhuset (ref Tabell 2).

Svar på søknaden om statstilskott reknar vi med at vi får i form av positive signal i samband med at statsbudsjettet vert lagt fram 7.oktober i år.

Vi har tillit til at staten tek sin del av dei løpande drifts- og finanskostnadane etter den eksisterande kostnadsfordelinga (70 %) eller at den nye regionen vert sett i stand til å overta staten sitt finansieringsansvar dersom oppgåva vert overført i samband med reforma/kulturmeldinga.

Samstundes står vi overfor eit val mellom å eige eller leige dei nye lokala. Dette valet meiner vi ligg til eigarane. Det må skje før vi kan gå vidare med prosjektet. Vi viser her til synspunkt frå NRK når det gjeld val av modell, slik det går fram av referatet frå møtet 19. august i år.

I samband med forstudien vart det laga eit romprogram av Arkitektkontoret 4b v/Guri Fonsdal som vart kvalitetssikra av konsultentselskapet Kulturteknikk v/Jens Henrik Andersen. Etter ynskje frå representantar for dei to eigarane vart det gjennomført ein revisjon no i sommar. Teatersal og Black Box vart noko redusert samanlikna med det fyrste framlegget.

Romprogrammet utgjer no 1665 m² brutto for teateret. I tillegg kjem ev. del av fellesareal. Konsultentselskapet Inventura¹ har kalkulert forventa investeringskostnad og husleige.

Tabell 1 Eige/leige

	Eige	Leige pr. år
SoFt	Kr 164 738 030	Kr 3 988 812
Fellesareal (teater sin del)	Kr 30 426 842	Kr 2 717 526

Teateret held i dag til i leigde lokale i Førdehuset. Leigeavtalen går ut i 2023. Leiga er i dag kr 1 440 000 pr. år.

Vi ser føre oss følgjande finansiering av kostnadane:

Tabell 2 Finansiering/tilskott pr. år

Part	Fordeling	Kr pr. år
Husleige Nynorskhuset	Sum	6 700 000 kr
Sogn og Fjordane teater	Husleiga i Førdehuset	- 1 440 000 kr
Auka tilskottsbehov "Nynorskhuset"		5 260 000 kr
Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune	Auka ordinært driftstilskot (22,5 %)	1 183 500 kr
Førde kommune/Sunnfjord kommune	Auka ordinært driftstilskot (7,5 %)	394 500 kr

¹ I samarbeid med Rambøll as

Kulturdepartementet	Auka ordinært driftstilskot (70 %)	3 682 000 kr
----------------------------	------------------------------------	--------------

Vi legg ved forstudie av 10. mars 2019, revidert rom- og funksjonsprogram og referat frå dei to etterfølgjande styringsgruppemøta.

For å unngå å forsinke prosessen ber vi om at eigarane snarast råd og seinast innan fyrste halvdel av oktober tek stilling til:

1. Eige eller leige av nye lokale i Nynorskhuset frå 2022
2. Auka tilskottsnivå frå 2022 som følgje av nye lokale i Nynorskhuset

Utan forpliktande vedtak frå dei to eigarane ser vi ikkje anna løysing enn å trekke oss frå samarbeidet om Nynorskhuset og starte drøftingar med Førde kommune om vidare leige/ombygging av lokala i Førdehuset.

Vår vurdering er at dette er ei mykje dårlegare løysing både for SoFt og nynorsken enn satsinga på samarbeid og fellesskap med NRK og Firda i «Nynorskhuset» i Førde.

Beste helsing

Sogn og Fjordane Teater

Rasmus Mo
Styreleiar

Bodil Kvamme
Teatersjef

Vedlegg:

Forstudie 10. mars 2019

Referat frå møte i styringsgruppa 2. april og 19. august 2019

Signert intensjonsavtale

Notat frå Inventura 30.8.19 om leige-eige

Kopi til:

Fylkesordførar Jenny Følling

Ordførar Olve Grotle